



Årsmelding Oppland Nei til EU 2021

Årsmøtet var på Honne Kurs og Konferansesenter den 13 februar 2021. Styret møtte fysisk på Honne, lokallaga deltok på Teams.

På årsmøtet valde vi styre og Borgny Sletten vart vald til leiar.

Styret konstituerte seg på styremøte 24 februar og består no av :

Leiar	: Borgny Sletten
Nestleiar	: Jørund Hassel
Kasserer og kvinnekontakt	: Magnhild Strand
Sekretær	: Ottar Uglum
Styremedlem	: Magne Bekkelund
Styremedlem	: Asgeir Strandlie
Styremedlem	: Astrid Elisabeth Dobloug

Vara:

1. Per Håvard Moe Nevland
2. Cristine Hammerlund
3. Dag Seierstad
4. Tor Sundheim
5. Åse Nordnes

Revisorar:

Helge Galterud
Øyvind Åamot

Valkomite ;

Inga M Norderhus
Turid Thomassen
Aud Hove

Jørund kom i perioden inn i NTEU sentralt som styremedlem.

Rådsmøte

Magne og Jørund deltok på møtet

Fylkesledermøter

Borgny deltek på disse møta.

Det vert orientert på styremøta frå desse møta.

Medlemsutvikling

Oppland Nei til EU hadde pr.31.12.20 1191 betalande medlemmar, og pr. 31.12.2021 1125 betalande medlemmar.

Organisasjonen

Oppland Nei til EU har følgande lokallag med registrert aktivitet i 2021.

Gjøvik og Toten Nei til EU, leiar Einar Wiklund

Valdres Nei til EU, leiar Per Håvar Moe Nevland.

Lillehammer Nei til EU, leiar Jørund Hassel.

Sel og Heidal Nei til EU , leiar Åse Nordnes.

Lom er litt i gang att , med Gaute Helland som kontakt person

Nord-Fron har det diverre ikkje vore noko aktivitet hjå dei siste åra.

Aktivitet i lokallaga

Lokallaga har og sjølvst vore prega av pandemien. Ikkje lett og ha god aktivitet når mykje kan foregå kun på nett!

Arbeid i perioden

Året starta med Covid og smittespreiing og det avslutta det med og. I desse periodane har vi hausta erfaring med digitale møter Vi avvikla årsmøtet delvis digitalt og har og hatt styremøter digitalt . Vi hadde digitalt møte med Sigbjørn Gjelsvik i april om ACER og Morten Harper om Landbruk i slutten av mai, i november var det Per Olav Lundteigen om Arbeidsliv. Vår erfaring er at informasjon og Webseminar med spørsmål osv går fint digitalt men at møter der det vert meir diskusjon er absolutt best å møtast fysisk om det er mogleg.

I sommar og haust har det vore meir normale tilstander. I denne perioden var Stortingsvalkampen i fokus. Våre medlemmar deltek i sine parti. Valkampen var

tema på styremøte. Som NTEU fokuserte vi bla på Jernbanepakke 4 og ACER. NTEU gikk til rettsak mot regjeringa i ACER saka.

I november hadde vi Ope møte med Arne Byrkjeflot om Straumprisar som er eit svært aktuelt tema. Det var eit godt besøkt og vellukka møte.

Framover vert det viktig å jobbe vidare med Straumprisar og ACER. Vi må peike på det grunnleggande i saka at politikarane har gitt frå seg makta til EU/Acer og markedet. NTEU kjem til å anke tapet i rettsaka og treng økonomi, det vert no jobba med det. Ellers vert det viktig å komme fram i media og bli synlege. Vi må fortsette å bruke bla nett/Facebook og lesarinnlegg. Vi bør ha stand osv men dette må vi tilpasse smitte-situasjonen.

Nei til EU Oppland
-styret-